



Adresse Fossveien 24  
0551 Oslo  
Norge

Telefon (+47) 22 99 55 00

Post Postboks 6853  
St. Olavs plass  
N-0130

Faktura Postboks 386  
Alnabru  
0614 Oslo

Org.no. 977027233  
Giro 8276 0100265

**Janne Maria Lysen**

Korleis å utrydde ein heil insektsfauna på ei lita øy

MFA  
Kunstakademiet 2017

KHIODA  
Kunsthøgskolen i Oslo,  
Digitalt Arkiv

[www.khioda.no](http://www.khioda.no)  
[khioda@khio.no](mailto:khioda@khio.no)

Publikasjoner som arkiveres/publiseres i KHIODA reguleres av Lov om opphavsrett til åndsverk.

Opphavsmannen beholder opphavsretten til materialet i KHIODA, men gir brukerne tillatelse til å sitere fra verket, samt videreformidle det til andre, i henhold til åndsverkslovens regler. En forutsetning er at navn på utgiver og opphavsmann angis.

Kommersiell bruk av verket er ikke tillatt uten etter skriftlig avtale med opphavsmannen.

**Janne Maria Lysen**

**Korleis å utrydde ein heil insektsfauna på ei lita øy**

**MA graduation essay, 2017**

**Korleis å utrydde ein heil insektsfauna på ei lita øy**, for å undersøke om det vil komme noko insektsfauna tilbake. Kor lang tid det eventuelt vil ta, og korleis denne faunaen eventuelt vil sjå ut.

Pass deg for dei plantene der, sa han, for dei brenn. Dette undra henne verkeleg, at planter kunne brenne var uforståeleg. Dei var på veg ned til kaien for å vere med dei andre å fiske. Det var tidleg summer. Her på Haugsgjerdet veit han alt. Ho blei usikker og litt flaut, men at planter kunne brenne tvilte ho verkeleg på. Det går jo ikkje ann, sa ho og sveipte ein naken arm inn i vekstane for å demonstrere at ho ikkje trudde på han. Kjensla av varm svie og brann for opp over armen hennar, nesten i det same. Det er derfor dei heiter brennesler sa bestefaren, før han roa ho ned ved å fortelje at smerta ville forsvinn etter kvart. Som alt anna.

Ein samtale mellom to ukjente, som veit kven, men ikkje kva den andre er. Dei treffes på ein måte tilfeldig, og utvekslar tankar. Den eine vil gå etter ei stund, men blir. Så vil den andre gå, men følger likevel etter.

Klovnen:

Det var eg sjølv som valde å gjere det, ete bakdelen til maur fordi det kittla på tunga. Eg sette meg ned på huk, slik at eg kom nærmare dei mange maur som gjekk forbi føtene mine. Så tok eg vilkårleg opp ein maur med fingrane, braut av bakdelen, og putta den i munnen. Det smakte syrleg, og kittla litt på tunga.

Bonden:

Det er ikkje behovet til menneska som endrar seg. Det er lova, kulturen, sivilisasjonen og historia som endrar seg.

Klovnen:

På utstilling her ein kveld, hende det noko. Det var mykje folk og mykje lyd. Mens eg betrakta eit av verka, stilte det seg ein person bakom meg. Personen lata som om den byrja å kviskre, men det å kviskre i eit slikt støynivå som var rundt oss er ikkje så lett. Det personen gjorde, var å prate med ein pålagt lyd effekt som skulle signalisere at det var eit forsøk på å kviskre. Kven gjorde dette?, sa personen. Verket me stod og observerte var ein stein liggande på golvet framom ein kvitmalt vegg. Rundt steinen var det noko som likna kvitt støv. På veggen var det skrapa vekk maling i ein rektangulær form. Det var naturleg å konkludere med at steinen som låg på golvet var verktøyet som blei brukt for å skrape bort malinga. På steinen var det også nokre synlege kvite merker. Personen hald fram med denne liksom kviskringa. Kven har årsaka dette? Kunstnaren som brukte steinen for å skrape vekk malinga? Galleristen som bad kunstnaren om å lage verket? Steinen som lagde merkene i malinga? Malinga som lot seg skrape vekk, og la grunnlaget for at den rektangulære forma kom til syne? Eg måtte snu meg for å verkeleg sjå kven denne personen var. Og du kjem aldri til å gjett kven som stod der å kviskra.

Bonden:

Det blir sagt, at ein hugsar betre det ein aldri har visst, og framleis ikkje veit. Ein hugsar verken sin fødsel eller død, men opplev likevel dette som gjeldande for alt ein kallar liv. Ein vil, og skal aldri bli meister over sitt eige sinn. Det er gjennom sin omgivnad ein meistrar og forstår seg på livet. Likevel er det vanskeleg å seie om det skjer innanfrå og ut, eller utanfrå og inn.

Klovn:

På radioen høyrde eg om ein forfattar som skreiv bok om poesi, poesi som oppstår i talen til menneske med Alzheimers og personar som har gjennomgått lobotomi. Språket endra seg. Det skjer ein systemfeil i det opparbeida kommunikasjonssystemet, som prøver å følgje ein bestemt logikk. Som mottakar blir ein nøydt til å bruke ein annan logikk for å kryptera det som blir sagt. Noko som kan vere slitsamt og ikkje alltid like behageleg. Ein bruke det allereie eksisterande repertoaret av innarbeida kunnskap, og så må ein vere kreativ og sympatisk for å finne ut av resten.

Bonden:

Missforståing er også ein form for forståing, og førar med seg verdiar. Dei avslørar gjerne deg sjølv, og kva du er i stand til.

Klovn:

Og så gifta dei seg ,utan ein gong å snakke same språk.

Det får meg til å tenkje over kor mykje av daglege samtalar som berre er tidsfordriv. Ein veit kva den andre skal seie, og ein veit at den andre veit kva ein sjølv skal seie. Ofte er det heller ikkje interessant. Ein seier gjerne det same, alle saman. Fyllmasse. Underlaget til det som skal komme. Kommunikasjon som handlar meir om situasjonen enn sjølve samtalen.

Bonden:

Poesi kjem av det greske ordet poieo som tyder eg skapar. Å velje å gi noko merksemd er å skape. Slik byrjar det, for oss menneske, å skape kunst.

Klovn:

Så mykje handlar om assosiasjonar og empiri. Derfor er det særst viktig at barnet leiker mykje.

Bonden:

“Jo mer jeg tenkte meg om, desto flere neglisjerte og glemte ting kunne jeg hente fram fra erindringen. Jeg forstod da at en mann som bare hadde én dags livserfaring uten vanskelighet ville kunne leve hundre år i fengsel. Han ville ha nok minner til ikke å kjede seg.”. Det er hovudpersonen i Albert Camus si bok *Den Fremmede* (1942) som tenkjer denne tanken.

Det ein har opplevd, blir ein type kunnskap. Ein kunnskap som ikkje treng bevisast, for ein kjenner seg sjølv som beviset. Hukommelsen blir den relative sanninga. Relativ fordi det berre er du som er din hukommelse, og berre du som bruker den. Men, kva då, når ein ikkje

hugsar lengre? Er det då ikkje lenger sant? Kven fortel då sanninga? Kan verda nokon gong bli mindre sann en du sjølv kan forstå?

Klovnen:

Eg likar ein god historie. Dette med barn og vitsar er morosamt. Skal eg fortelje deg ein vits? Høna med slips. Det tok meg til dømes lang tid å forstå at vitsen *come on catch up* skulle vere morosam fordi det var eit ordspel, og ikkje berre fordi ei most tomat blei til ketchup. Ei most tomat var lenge nok for meg å le av.

Bonden:

Å vere skapande er ein forutsetning eller forureining for det å vere til. Mennesket prøver stadig å tilfredstille denne trongen til å skape, for slik å verifisere sit nærvær i verda, og viktigheten av den. Det som gir kjensla av å skape, kan vere alt frå kroppslege sensasjonar til fysisk eller psykisk utformingar. Sjølv det å tenkje er ein form for skapande. Forvirring kan oppstå når denne trongen blir pålagt for mange krav, som til dømes kravet om å bringe lykke og mening. Det sjølvbeviste individet blir til.

Klovnen:

Under konfirmasjonen slutta eg å tru på kristendommen. Som liten syntes eg det var rart at ikkje alle var kristne, det var jo ingenting å tape. Om alt du trudde på var sant, kom du til himmelen, om det ikkje var sant, skjedde ingenting. Om du ikkje trudde, ville du ikkje eingong ha sjansen til å komme inn i himmelen. Vinn vinn situasjon, tenkte eg. Eigentlich var det det at alle måtte syngje i kor som gjorde konfirmasjonen provoserande for meg, det var ein type tvang eg ikkje kunne stå inne for.

Bonden:

Prøv å beskrive latter. Denne kroppslege reaksjonen. Ganske underleg om ein ser biologisk på det. Endrande pustesekvens, anten aukande eller utvidande, som regel med repeterande krampeliknande rørsle, utan konkret eller rasjonell funksjon. Å le er gjerne noko ein gjer kollektivt. Handlinga å le blir gjerne meir komisk en det som i byrjinga fekk ein til å le. Ein blir latter.

Klovnen:

Fantastisk å tenkje på dette, korleis naturen omdannar kroppen når den ikkje lenger er i bruk som eit individ.

Bonden:

Nokon sorterer etter storleik, andre etter likskap, farge, lukt, verdi, og så bortover. Dei fleste endar opp med å følgje og stemme på det som tiltalar i forhold til seg sjølv. Korleis kan ein klandras for det? Særleg om ein ikkje er religiøs, eller særleg når ein er religiøs. Plutseleg er ein meir interessert i å ha fleire klovnar enn bønder.

Klovn:

Kombinasjonen kortsynt, eller nærsynt og frykta for å falle, har gjort at eg stadig ser ned i bakken når eg går. I ei blanding av automatikk og impuls beveger og registrerer eg meg sjølv i forhold til det som er rundt. Irritasjonen er stor når ein ender med å krasje inn i nokon som stoppar rett framom ein, utan at dei tenkjer at dette har konsekvensar for deg som går tett bakom.

Bonden:

Ein kan prøve å rydde opp etter seg og gjere klart for andre, slik ein ønskjer at andre skal rydde opp og gjere klart for deg. Men det å vite kva den neste prefererer, utan å gå ut i frå sine eigne preferansar kan vere vanskeleg.

Klovn:

I Jainismen er det eit mål å ikkje skade noko levande. Alt som har sjel er levande. Det er vanleg for munkar og nonner av denne trua å bære med seg ein kost, for slik å kunne koste seg ein vei til å gå på. Dette gjer ein for ikkje å komme i fare for å trække på eit lite vesen som det menneskelege auge har vanskar med å blotte. Korleis er det mogleg å leve slik? Det kostar og det skal koste verda å halde noko i livet.

Bonden:

Rundt to-års alderen kjem ein i destrueringsfasen. Dei fleste forlèt aldri denne fasen. Ein blir si eiga verknadskraft meir og meir bevisst. Og gleda kjem der etter. Etterkvart blir ein vant til også denne tilstanden, og registrerar ikkje lenger like klart si evne til destruksjon og skaping.

Klovn:

Kor mange nye tankar har ein i løpet av ein dag? Rundt 95% av det ein tenker i løpet av ein dag, er repetisjon av gamle tankar. Det betyr ikkje at ein har kapasitet til å sortere ut desse 5% av nye tankar. Det betyr heller ikkje at ein er på veg til eit høgdepunkt av nye tankar.

Bonden:

Når eit spedbarn bytter ut skrik med andre lydar for kommunikasjon, blir væra lettare for alle som er involvert. Også meir komplisert.

Pause

Klovn:

Har det noko å seie om ein trur på historia, meir enn røynda? Altså, at ein ikkje synes det er så farleg om historia verkele er sann eller ikkje. At det er poenget, moralen, opplevinga eller noko ann ved historia som er det sentrale? Tida gjer at også røynda stadig blir historie. For oss menneskjer blir historia meir gjennomtenkt enn sjølve røynda. I røyndas augneblink har ein ikkje kapasitet til å omfamne så mykje som ein greier gjennom ei historie.

Bonden:

Det er ikkje behovet til menneska som endrar seg. Det er lova, kulturen, sivilisasjonen og historia som endrar seg.

Klovn:

Fleire av mine kjenningar seier dei er kristne, men at dei ikkje nødvendigvis trur på Jesus, at han stod opp frå dei døde og at han er Guds son. Dette er diskutabelt. Kva er skilje mellom religion, kultur og livsstil? Kven er det eit hån mot å gjennomføre tradisjonar opphavleg bygd på religiøs overtyding, som gjennom tida har endra sin religiøse verdi? Vitskapen?

Bonden:

Det bør og kan ikkje vere eit mål her i verda at alle menneskjer skal vere like. Temperaturen på kloden er varierende, derav også klima. Ting blir eksotiske, nokre gonger magisk, slik er det.

Klovn:

Hugsar du dette tv-innslaget på nyheitene, der ein mann oppe i nord blei intervjuet om det kalde været, det var 40 minus grader? For å demonstrere kulda kasta han kokande vatten frå ein vasskokar opp i lufta, på sekundar blei vatnet omdanna til snø. Tv-klippet blei svært populært og sendt over heile verda. Det var ekte magi. Mange tok kontakt med tv-kanalen og ville vite korleis dette filmtrikset var mogleg.

Bonden:

Verda er tilrettelagt, og gir oss tid, for utvikling og vekst.

Klovn:

Blir verda også meir kjensleg? Ein kan sjå for seg dette little frøet, som jo nesten er ingenting, som har eit potensial til å vekse. Eit potensial til å omdanne omgivingen til noko meir kompakt og større, noko meir enn det som allereie var. Tida gir lag på lag med masse. Og tida gjer ein om til fleire masser. Det er annleis å tenke på fjellet, steinen som kontinuerleg blir omdanna av sin omgiving, utan evne til sjølv å gjere noko med det.

Bonden:

Grunnen til at frukta også til giftige planter er så fargerik og freistande er nettopp for at dei som ikkje veit eller greier å forstå at dei er giftige skal bli forgifta.

Klovn:

Mora likar å bruke bibelske samanlikningar i diskusjonar. Det er som ho skårar eit poeng for kristendommen om samanlikninga er god.

Bonden:

Folk er meir interessert i å tru på seg sjølv.

Klovn:

Broren veit ikkje om han trur på demokratiet lenger. Det er for mange som er lettlurte, egoistiske, for lite intelligente og lite manglesne for at demokratiet kan fungere, seier han fortvilt. Det er for lett å overtale nokon om framtida. Diskusjonen held fram, mens han forsett å strikke med sine, for seg, usynlege strikkepinnar, med trådar kommande frå plassar han ikkje ein gong kjenner. Mora fortel då om kong Salomo som kunne be om alt, men som kunn ønskte seg visdom. Kong Salomo fekk visdom, og gjennom den makt og rikdom. Han blei kjendis.

Bonden:

Ikkje alle trives med ansvar. Noko ein bør ta utgangspunkt i, når ein får muligheita til å planlegge livet.

Klovn:

Det er mykje betre når ein ikkje har kjensla av å måtte kjempe for å halde seg i livet. Det gjer at synet på andre som fiendar blir betraktelig mindre.

Bonden:

Ei aukande mengde senderar, aukar krafta og fleksibiliteten. Muskulaturen aukar sin kapasitet til å utføre meir kompliserte oppgåver. Fleksibiliteten opnar muligheita for forbetring og innovasjon. Suksessraten stig. Ein prøver å sortere ut store mengder avfall.

Klovn:

Med dei fleste her i verda, kommuniserer ein ikkje verbalt. Det gjer at eg tenkjar mykje over det som blir sagt. Neida, det gjer eg faktisk ikkje. Det eg av og til tenkjer på er at eit verbalt og skriftleg språket byggjer på teiken- og lydsatte tankar. Som i nesten alt anna er effektivitet svært gjeldande for utvikling. Somme gonger endar språket opp med å bli for effektivt, og mistar kontakten med tankane. Språk som ikkje lenger er styrt. Språk er også eit type material, som endrar seg i t.d. temperatur, lyssetting og plassering. Slik er det av og til også med pengar. Dei kan fort bli ein for effektiv verditransaksjon.

Bonden:

Det finnes over førti ulike alfabet i verda i dag, og uendelege måtar å systematisere tankar på. Språk er eit av menneska sitt sterkaste verktøy for å fordøye og kontrollere fortid og framtid. At ein tileignar seg ferdigheten med å kommunisere med fleire språk, er svært kreativt og imponerende.

Klovn:

Og så driv ein kontinuerleg å tolkar verda. Det er forståeleg. Kven skal tørre å tru på at livet ikkje er meir meningsfullt enn meningslaust? Kven skal orke å ta på seg kostyme, for så sakte ta av seg eit og eit plagg mens alle ser på, for til slutt å ligge der blotta utan eingong hud igjen?

Pause



Klovnens:

Sjølv om noko er verkeleg bra, betyr det ikkje at ein må eige det. Det er mykje av problemet med kommersialisering, der målet er at flest mogleg skal eige. Dette er ein sjølvstøtt svært ueinige om.

Bonden:

Det er vel noko å arbeide mot, at flest mogleg skal ha tilgang til det som er bra, noko dei set pris på? Kvifor skulle ein ikkje ha det som målsetting?

Klovnens:

Kva får ein til å vere så sikker på at noko er bra for flest mogleg?

Bonden:

Skal ein aldri våge å ta sjansar då? At alt berre skal byggast på tilfeldighetar og flaks. Korleis skjer då framgang? Det er mykje livskraft og livssyklus som sviner hen om ein skal ha ein slik holdning til det å vere nærværande. Det høyrer ut som ein depresjon.

Klovnens:

Det kjennes som om eg ikkje har råd til å vie heile livet til arbeid.

Bonden:

Ein må berre minne seg sjølv om at sjansen for eit liv etter det ein lev no, faktisk er tilstade. Framtida.

Klovnens:

På Metroen inn til byen, sa ei at ho trur verda framleis vil gå rundt dersom alle gjer akkurat det dei vil. At verda faktisk hadde vert betre om alle gjorde det dei ville. Kva gjer du da, spurde eg. Åh, nei ingenting spesielt, svarta ho.

Bonden:

Refleks, refleksjonar, assosiasjonar, fordommar, draumar, logikk, automatikk er nokre måtar å snakke om tankar. Den eine tanken vekker den andre, som følgjer ein tredje og slik fortsett det utan ein gong å bli registrert. Tempoet og svingingane kan vere så raske at det gjer det vanskeleg å følgje med. Gjennom arbeid, kan ein kombinere svingande tankar med material som både fangar og skapar svingande tankar. Materialet tvingar desse tankane til å stå i ro, for ei stund, for slik å la andre igjen komme å plukke og sanke nokre tankar. Som igjen blir refleksjonar, assosiasjonar, draumar, konversasjonar og revolusjonar.

Klovnens

Er det først arbeid når det involverer andre, og det som er utanfor seg sjølv?

Ein legg seg til å sove. Sovnar. Bestefar sovnar. Etter ei stund vaknar ein igjen. Faren sin far vaknar ikkje igjen. Tankar kjem tilbake, andre blir borte for evig eller for ei stund. Insekt kjem

tilbake til øya, men i eit varierende mangfald. Storleiken på øya og avstanden til fastland, er gjellande faktorar for det potensiale mangfalde og antal skapningar på øya. Når det blir for liten plass byrjar ei emigrering. Insekta blir mat, som bli åte, fordøya, og sleppt ut igjen, på nye områder med potensial.